

## **MØTEREFERAT**

11 februar 2019 Tid: Kl 09.30 – 14.00

Stad: Stort møterom 3 etg. sentralblokk

### **Til stades:**

Hjørdis Dahle  
Anita Sæløyen Hop  
Dag Einar Liland  
Inger Lingjerde  
Inge Aareskiold Fiskvik  
Hans Fevang  
Gifty Ama Nordbø frå 11.00  
Christine Lønne  
Gunnar Langlo  
Linda Haugland  
Reidun T. Rinde

### **Forfall**

Ikkje meldt Gudeta Bayissa

**Referent** Magne Høgelid

### **Saksliste**

Sak 09/19 Godkjenning av innkalling og saksliste for Brukarutvalet i Helse Bergen Dag Einar Liland meldte sak om Proton til eventuelt Godkjent

Sak 10/19 Godkjenning av referat frå møte 15.01.19 Godkjent

Sak 11/19 09.30-10.15 Aktuelle saker i Helse Bergen v/Randi Luise Møgster

Vise adm. Direktør Randi- Luise Møgster orienterte om følgjande:

- LKT prosjektet. Her har ein no blitt samde om finansieringsmodell og pilotkommunar(Os, Lindås og Bergen(nokre bydelar)).
- Prosjekt lege til legesamarbeid-mandat går som sak i Samarbeidsutvala denne månaden.
- Strukturert utreisesamtale

Det var frå representant i utvalet stilt spørsmål om hending der pasient/pårørande overhørde at annan pasient får informasjon om alvorlege diagnosar.

Saka vart kort drøfta. Ein saknar ofte egna lokalitetar for slike samtalar. Eit av romma for oppvåkning er stort og kan bli brukt av mange samtidig. Det kom forslag om at pasientar/pårørande kan få øyreklokke med musikk for ikkje å skulle overhøyre alvorlege samtalar.

Det vart med bakgrunn i brev frå pårørande tatt opp spørsmål om kontaktlegeordninga for barn. Det er ønskje frå pasient om at det vert eige tema på eit møte i Brukarutvalet. Det er utarbeidd retningslinje for kontaktlege som er i elektronisk kvalitetshåndbok. Denne blir sendt til Brukarutvalet.

- Workshop om brukarmedverknad. Vi bør sjå på om vi har ein visjon for brukarmedverknad. Krev ulike forhold ulik brukarmedverknad ?

**Konklusjon:** Arbeidsutvalet i BU følgjer opp saka.

Sak 12/19 10.15-11.00 Pasientreiser v/ Anne Mari Høiland og Synneve Marie Lauvås orienterte om verksemda. Det blir litt venting. Ein skil mellom planlagt og uplanlagt venting. Norgestaxi er størst leverandør. Dei har utfordring med leveransane. Bergen taxi har for få rullestolbilar.

Brukarane stilte spørsmål med krav som vert stilles knytt til reiser. Samarbeidet med veiledertenensten på Flesland flyplass er ikkje så god som en skulle ønskje.

Foilar vert lagt ved referatet.

**Konklusjon:** Brukarutvalet tok saka til orientering. Brukarutvalet ønskjer å bli halden involvert om utfordringar i høve pasientreiser.

Sak 13/19 11.00-11.30 Handlingsplan AKMO-referansegruppe, Clara Gram Gjesdal og Pål Ove Vadset orienterte.

**Konklusjon:** Brukarutvalet blir halden orientert om gjennomføring av aktuelle tiltak. Det blir ny orienteringssak på neste møte i Brukarutvalet.

Sak 14/19 12.00-12.30 Nye prosjekt med førespurnad om brukarmedverknad

14.1 Nordås: Dag Einar Liland og Inger Lingjerde sitter allereie i Utval for Kvalitet og Pasientsikkerheit **Konklusjon:** Det er naturleg at Dag Einar Liland og Inger Lingjerde også blir brukarrepresentantar i prosjekt Nordås, konseptrapport. Sekretariatet melder tilbake til innmelder Helge Bergmann. Prosjektleiari kan kontakte representantane direkte i det vidare arbeidet.

14.2 Brukarmedverknad rehabiliteringsklinikken **Konklusjon:** Det er naturleg at Dag Einar Liland og Inger Lingjerde blir vurdert først dersom det er behov for ytterlegare brukarmedverknad i klinikken. Slik kan ein bygge opp kompetanse i forhold til klinikken. Det er naturleg at workshop om brukarmedverknad også vil innehalda ei drøfting av om kva brukarmedverknad ein bør bygge opp til kva. Av og til hensiktsmessig med god kjennskap til aktuell klinikk og andre gonger kanskje meir avstand til føretaket/klinikk

14.3 Forsking dagkirurgi- styre og i prosjektgruppe **Konklusjon:** Hjørdis Dahle(styringsgruppe) og Linda Haugland (prosjektgruppe)deltar i prosjektet henholdsvis i styringsgruppe og i Prosjektgruppe. Brukarmedverknad må finansierast som ein del av prosjektet. Sekretariatet melder tilbake til prosjektleiari Petrin Hege Eide.

14.4 Nettverk for læring og mestring **Konklusjon:** Inge Fiskvik representerer Brukarane. Prosjektleiari kan kontakte representanten direkte i det vidare arbeidet.

14.5 Styringsgruppe LMS **Konklusjon:** Ida Carlsen Eide held fram som Brukar i styringsgruppe LMS saman med Hans Fevang. Prosjektleiari kan kontakte henne i det vidare arbeidet. Sekretariatet melder tilbake.

14.6 Styringsgruppe fact team Lindås: **Konklusjon:** Bente Orlen Vestervik deltar med Hjørdis Dahle som vara. Hjørdis Dahle melder og tilbake til innmelder Reidun Sæbdal.

14.7. Forsking Nevro sysmed. På AU møte vart Inge Fiskvik og Hjørdis Dahle meldt til styringsgruppe og Reidun Rinde til arbeidsgruppe MS. Det blir etablert fleire arbeidsgrupper etter kvart der brukarmedverknad blir etterspurt.(ME, ALS; Parkinson)

Sak 15/19 Diagnoserutiner og timebestilling Lunge: **Konklusjon:**  
Brukarutvalet sender på generelt grunnlag saka til viseadm. Direktør Randi-Luise Møgster, Kopi av oversendingsbrev går til pasient og pasientombud.

Brukarutvalet ønskjer at rutinane for tildeling av kontrolltimar som hovedregel skal være at desse blir tildelt når man er til kontroll, og at leger som konkluderer med vidare utgreiing, skal henvise pasienten direkte til slik utgreiing. Ved en slik praksis vil vi kunne få bedre flyt, kortare ventetider og et mer forutsigbart pasientforløp. Brukarutvalet ber Helse Bergen om å ta en gjennomgang av gjeldene praksis ved formidling av diagnose til pasientane. Brukarutvalet håper at Helse Bergen kan etterkomme utvalet sine ønskjer, og imøteser positiv tilbakemelding.

Sak 16/1913.00-13.30 Oppdatering av prosjektoversikt  
Følgjande endringar vart gjort: Kirsten Mjelde held fram i erfaringspanelet som observatør.

Sak 17/19 Frå/til utvalet  
**KLIN IKT.** Hjørdis Dahle og Dag Einar Liland ønskjer å delta. Sekretariatet avklarar kostnad.

Sak 18/19 Eventuelt  
Åpent møte Nansensenteret 12.03 kl 19.00. Protonbehandling av kreft v/ Klinikkdirktør Olav Mella